



Vedtekter for Tokke Kulturskule

Mål

Tokke kulturskule har til mål å gje innbyggjarane i Tokke fullverdig undervisning innan ymse kulturelle uttrykk slik at kvar einskild elev får høve til å utvikla sine kunstnariske evner og anlegg og til å oppleve og verdsetje kunst og kultur.

Tokke kulturskule vil hjelpa til å gje heradet eit positivt miljø ved å skapa grobotn for verdfulle og varige aktivitetar innan kunst og kultur.

Organisering

- 1.1 Tokke kulturskule er ein kommunal kulturskule som Tokke kommune eig og driv.
- 1.2 Tokke kommunestyre vedtek vedtekter for kulturskulen.
- 1.3 Kulturskulen høyrer administrativt til under etaten Oppvekst, kultur og idrett.
- 1.4 Tokke kulturskule skal ha tilsett rektor i heil stilling, og i tillegg nødvendige kulturskulelærarar for til ei kvar tid å kunne dekke opp eksisterande tilbod (innan vedtekne heimlar)
- 1.5 Rektor for kulturskulen har det faglege, pedagogiske og administrative ansvaret for drifta.
- 1.6 Tokke kulturskule skal gje eit desentralisert kulturtilbod, slik at born frå alle skulekrinsane får tilnærma det same høve til å delta i kulturskulen sine aktivitetar.
- 1.7 Det må vera minst 3 elevar dersom læraren skal køyre langt for å undervise på staden, eller ein har 1,5 timar undervisning kvar gong.
- 1.8 Kulturskulen og skulane kan nytte kvarandre sine læremidlar etter nærare avtale.
- 1.9 Det bør leggjast til rette for bruk av kombinerte stillingar med grunnskulen og andre etatar.

Undervisninga

- 2.1 Tokke kulturskule følgjer i utgangspunktet skuleruta for grunnskulen i Tokke kommune.
- 2.2 Undervisninga kan organiserast både som individuell undervisning, gruppeundervisning og undervisning i samspel. Ein undervisningstime er frå 22.5 til 30 min. Gruppeundervisning og samspelsundervisning varer normalt 2 undervisningstimar (45 til 60 min.)
- 2.3 Vi skil mellom ulik gruppeundervisning og individuelt tilpassa undervisning. Individuelt tilpassa undervisninga går føre seg med 1- 3 elevar til stades, og er grad lagt opp etter elevane sine føresetnader i endå sterkare enn gruppeundervisning. Elevar med individuell undervisning kan få noko undervisning i samspel som ein naturleg musikalsk utvikling for den einskilde eleven.
- 2.4 Gruppeundervisning og samspelsundervisning kan organiserast som eit prosjektilbod over ein kortare periode. Elevane vert ikkje automatisk overført til nye prosjektilbod, men må søke på nytt kvar gong.
- 2.5 Utvida tilbod kan gjevast der det er rom for det og etter vurdering av rektor og lærar.
- 2.6 Kvar einskild elev får høve til å uttrykke seg gjennom ulike konsertar og utstillingar i gjennom året. Dette er ein del av opplæringa i eit kulturskuleår. Den aktuelle veka det er mønstringar, kan det hende ordinær undervisning fell bort. Elevar som ikkje ynskjer å delta aktivt på tilstellinga, vert oppmuntra til å delta som publikum då dette også gjev god læring.

Elevvilkår

- 3.1 Elevar som har fått plass ved kulturskulen må innan 2 veker melde frå om dei tar plassen eller ikkje. Opptaket er bindande for eit skuleår.
- 3.2 Elevane skal møte presis og førebudd til timen.
- 3.3 Fråvære må meldast på førehand. Timar som fell bort grunna fråvær har eleven ikkje krav på å få att seinare.
- 3.4 Elevane skal vise god framferd i kulturskulen og rette seg etter dei krav som lærarane stiller. Foreldre eller føresette har høve til å fylgje undervisninga, etter avtale med læraren.
- 3.5 Elevar som ikkje rettar seg etter kulturskulen sine vedtekter, kan utestengjast frå undervisninga for kortare og lengre tid. Slik avgjerd blir teken administrativt.
- 3.6 Om elevane får oppdrag om å vera med på offentleg/privat tilstelling, skal rektor informerast.

Økonomi

- 4.1 Elevkontingenten vert fastsett av kommunestyret. Instrumentleige vert fastsett av rektor.
- 4.2 Elevkontingenten skal betalast for kvart halvår.
 - a) Det blir gjeve 50% moderasjon for sysken nr. 2, 3 osv.
 - b) Det vert ikkje gitt rabatt ved deltaking på kortkurs.

4.3 Utmeldingar som kjem i tidsrommet 01.06 og 01.08 same år, treng ikkje å betale for heile semesteret, men blir fakturert 300,- for sein utmelding.

4.4 Korps og kor lagar egne avtalar, og får nytte dirigent gratis ved offentlege arrangement.

4.5 Elevane har ansvar for kulturskulen sine instrument og anna utstyr. Skade på instrument må erstattast etter avtale.

4.6 Notemateriale må eleven betale sjølv.

4.7 For enkelte fag kjem materialavgift i tillegg kvart halvår.

4.8 Kontingenten skal betalast for heile semestret sjølv om eleven sluttar i løpet av semestret.

4.9 Dersom meir enn 15% av undervisningstimane fell bort i løpet av semesteret, kan det etter søknad gjevast reduksjon i kontigenten. Misleghald av kontigentinnbetaling kan føre til tap av elevplass.

Opptak

5.1 Tokke Kulturskule er open for born og ungdom som bur i Tokke kommune. Elevar frå andre kommunar kan bli tatt opp dersom det er ledig plass.

5.2 Kulturskulen tilbyr nye ankomne flyktningar gratis undervisningstilbod i to samanhengande semester i løpet av dei to fyrste åra etter tilflytting til kommunen.

5.3 Opptak skjer for kvart skuleår etter nærare utlysning. Både søknad og oppseiing av plassen skal skje skriftleg. Søknadsfrist for hausthalvåret er 01.06 og 01.12 for vårhalvåret. Det tas opp elevar fortløpande så lenge det er ledig kapasitet. Avmeldingsfrist for det komande semesteret er 1.6. og 1.12.

5.4 Elevar som ikkje ynskjer å halde fram med tilbodet, må innan 01.06 skriftleg seia opp plassen.

5.5 Elevane har 6 timars prøvetid (Det vert då vurdert av lærar og føresett om eleven skal fortsette). Etter dette har eleven fast plass i kulturskulen og blir automatisk overført frå haust til vårsemesteret.

5.6 Prioritering ved opptak er:

- a) Elevar som har plass frå før
- b) Elevar frå grunnskulen
- c) Elevar frå vidaregåande skule
- d) Vaksne. Dei over 18 år må søkje om undervisningstilbod innan 01.06 årleg. Dette gjeld ikkje medlemmer av songlaget.
- e) Søkjarar frå andre kommunar
Ved særskilde, sosiale behov kan ein opne for å ta i inn elevar utanom desse kriterier, etter søknad via NAV systemet. Dette kan skje utanom det årlege opptaket.

5.7 Søkjar skal ha tilbakemelding på at søknad er motteken i løpet av 14 dagar.

5.8 Elevplassen er personleg og kan ikkje dragast over til andre.